



Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	20/4468-233 /MIOSTA/26/17293	Plan-1228- 2015010, HISTSAK-O09/1238	12.05.2026

Slutthandsaming av Områdeplan for Røldal Sentrum, PlanID 1228- 2015010

Kommunestyret har i møte 06.05.2026 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 048/26:

I tråd med Plan og Bygningsloven § 12-12 vedtar Ullensvang Kommunestyre områdereguleringsplan for Røldal sentrum, planID: 1228-2015010 med følgjande endringar:

ROS-analysen skal oppdaterast med følgjande endringar:

Omtale av område som er teke ut av planen fjernast frå ROS-analysen.

Kapittel 4.3.1 *Sårbarheitsvurdering skredfare bratt terreng* oppdaterast med skredfarekart utan skogeffekt.

Planskildring skal oppdaterast med følgjande endringar:

Kap 4.7 *Risiko og sårbarheit* vert oppdatert etter revidert ROS-analyse.

Fortau teikna inn mot bolighus i Kyrkjevegen 2 vert tatt ut.

Det vert regulert inn éitt fortau mellom "legekontoret" og Coop.

Krav om saltak vert fjerna. Godkjente takvinklar i B01-B26 skal vere 0-45 grader.

Det er mogleg å klaga til kommunen på dette vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen på 3 veker.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, beskrive kva vedtak det blir klaga på, den eller dei endringar ein ønskjer, og grunngjeving for klagen. Dersom det blir klaga så seint at det kan vere uklart for oss om det er klaga i rett tid, ber vi om at det blir oppgjeve når denne meldinga kom fram.

Helsing

Viola Starr
samfunnsplanleggjar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 - 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

